

SAK 29/12 PROSJEKT 2014

Saksopplysning

Stortinget har oppnemnt «Hovedkomiteen for Grunnlovens 200-årsjubileum i 2014». Hovedkomiteen skal ha det overordna styrings- og planleggingsansvar for den offisielle markering og feiring av Norges 200 års grunnlovsjubileum i 2014, Innst.S.nr. 162 (2008-2009).

Grunnlovsjubileet vil rette seg mot heile den norske befolkning. Alle kommunar og fylkeskommunar vil bli oppmoda til å engasjere seg, både ved feiringa av 17. mai 2014 og gjennom ulike aktivitetar i jubileumsåret.

Barn og unge er den viktigaste målgruppa ved jubileet.

Grunnlova sitt 200-årsjubileum skal formidle kunnskap om grunnlova og betydninga for det norske folkestyret. Jubileet skal bidra til deltaking og engasjement i demokratiet og legge til rette for folkefest i heile landet

Feiringa av Grunnlova sitt 200-årsjubileum i 2014 vil ha følgjande hovudmål:

- Auke den alminnelege kunnskapen om hendinga i 1814, Grunnlova og den vidare utviklinga av demokratiet gjennom styrka formidlingsarbeid og forskning.
- Skapa debatt om folkestyret sine framtidige hovudutfordringar og stimulere til refleksjon, engasjement og deltaking i demokratiske prosessar.
- Gjennomføre ei brei og inkluderande feiring med folkefest på nasjonaldagen som høgdepunktet i alle kommunane i landet. Prosjekt retta mot barn og unge skal være eitt av hovudelementa ved jubileet.

Det styrande temaet for grunnlovsjubileet skal vera demokratiet si betydning og utfordringar i vårt samfunn og betydninga av breitt engasjement og deltaking.

Følgjande tema blir lagt til grunn for feiringa av jubileet:

- Grunnlovsjubileet skal belyse folkestyret si utvikling – med vekt på representasjon, deltaking, medbestemmelse og menneskerett. Jubileet skal vise korleis styrking av demokratiet skjedde gjennom politisk kamp der folkelege bevegelsar, organisasjonar og enkeltmenneske stod sentralt.
- Grunnlovsjubileet skal vektlegge forskning om Grunnlova si betydning for utviklinga av Norge som demokratisk stat og folkestyret sine framtidige utfordringar.
- Jubileet skal formidle kunnskap om, skapa bevisstheit om og legge til rette for debatt om dei verdiar og prinsipp som det liberale demokratiet bygger på.
- Jubileet skal utviklast som eit inkluderingsprosjekt med vekt på kunnskap, verdibevisstheit, deltaking og formidling. Jubileet skal ha ein tydeleg fleirkulturell profil. Det skal bidra til å klargjera utfordringar og mogelegheiter i spenningsfeltet mellom kulturelt mangfald og universelle menneskerettigheitar i eit liberalt demokrati.
- Grunnlovsjubileet bør bidra til innsikt i det norske demokratiet sitt møte med okkupasjonsmaktene sine totalitære samfunnssystem i krigsåra 1940 – 1945, og andre alvorlege samfunnstruslar som terroraksjonane 22. juli 2011.
- Jubileet skal ha eit internasjonalt perspektiv og skal bidra til auka bevisstheit om korleis Norge og det moderne Norden voks fram innanfor ein europeisk kontekst. Kunnskap om vår historie kan bidra til å skapa forståing for vår samtid og korleis nasjonalstatar blir påverka av globaliseringa.
- Jubileet skal belyse den tidlige etableringa av representasjonsordningar i Norge og framveksten av det lokale sjølvstyre frå 1837 (formannskapslova) og lokaldemokratiet sine utfordringar i dag.

- Jubileet skal setja søkelyset på minoritetar sinrolle, vilkår og status i det norske samfunn, spesielt i eit demokrati- og rettigheitsperspektiv.
- Jubileet skal mobilisere til auka bevisstheit om og innsats mot diskriminering, rasisme og ekstremisme.
- Kultur kan bidra til å formidle den kulturarven som er knytt til jubileet. Kulturen og kunsten spelte ein viktig rolle i utviklinga av samfunnet i Norge og kan medverke til å skapa forståing, integrasjon og oppleving.

I samband med 200-årsjubileumet er det med utgangspunkt planlegging i Hol, teke initiativ (Knut Medhus og Kåre Olav Solhjell) for å få vurdert om det kan vera aktuelt å tenke meir Hallingdal i samband med markeringane i 2014. Vedlegg 1 syner utkast til tema som det kan vera aktuelt å arbeide vidare med, som ein del av ei felles markering for Hallingdal.

I drøftingar med initiativtakarane og dagleg leiar har det og kome opp som ein ide å skrive ei regionhistorie om Hallingdal. I 1914 vart det laga ein serie med kommunehistorier utover landet, ei regionhistorie kan vere 2014-versjonen av ein slik historisk tilnæringsmåte. Tittelen kunne vere "Historia om Hallingdal. Ei kort regionhistorie". Boka måtte omhandle tida frå dei fyrste veidemenn og fram til i dag. Dette vill kunne bli ei praktbok som hadde vore ein del av 200-årsjubileumet.

I denne omgang er det eit ynskje å få ei drøfting, om det er aktuelt å planleggje store delar av 200-årsjubileumet felles for Hallingdal. I tillegg drøfte om det kan vera aktuelt å gje ut ei eigen bok om «Historia om Hallingdal». Det vil i møte bli gjeve nærare greie for ideane.

Ål 24.6.2012

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg 1: 1814 – 2014 Temaframlegg til utstilling

Vedlegg 2: Brev frå historielaga i Hallingdal, dat.25.6.2012

1814 – 2014 TEMAFRAMLEGG TIL UTSTILLING.

- ta stikkprøver i ulike år i høve til tema
- kontrastar og likskap
- jamn utvikling eller hopp
- noko blir borte eller mista, nytt kjem til
- biletet endrar seg – kva er eit tidsbilete
- blikkvinklar – synsvinklar – verdivinklar – ulike perspektiv
- valg og veging av argument, kven velger for oss, vegvalg

1)

FRÅ BARN TIL VAKSEN

- som kvinne og mann
- lagnad – plikt – valg
- garden – stølen – arbeidsdeling og stølslivet sin verdi for kvinner
- det daglege brød – frukost, dugurd, nonsmat – da og no
- ” ei verd for menn – ei verd for kvinner ” ” ei verd for born- leik eller arbeid ”
- ombudsmann (særnorsk ord)
- kven lærer born å bli vaksne av – generasjonar møtes – nye norske
- embetsverket – standsforskjellar – ” klassereiser - statens lånekassee ”
- kvar vil du helst bu – muligheter og grenser

2)

SPRÅKET

- ” svalle halling – være norsk ” , ” snakke bokmål være halling ”
- samtalelag – tema dei snakka om – ” språkrom- samværsrom ”
- før /no – korleis lærer innvandrara seg norsk i samtale
- samvære i lag og organisasjonar – for kven
- vennskap og danning og idealer
- sjølvforståing og sjølvkjensle, eg-me-oss- dei andre- innanfor/utanfor

3)

KUNNSKAP

- læring gjennom lesing og læring gjennom erfaring
- bøker, skule, utdanning – for kven og kvar
- tid – plikt – valg
- like og ulike muligheter, for kvinner/menn/barn/nye i Norge/ulovlege i Norge
- media og kommunikasjon – radio, tv, bibliotek, internett

4)

TRU – TANKE – FRIDOM

- tru og tanke i kvardag og høgtid, krig og fred
- religion og kyrkja
- meining og politikk, rørsler og retorikk
- brytningar og einskap – identitet – fleire identitetar
- stemmeretten – for kven – 1814 -1914-2014
- sterke kvinner og menn i styre og stell
- likhet og ulikhet – innfor og utanpå/ kvar er vi kven / gruppedanning
- musikk, kunst, litteratur – endra tema i endra tider
- tillit og autoritet blir gjeve og teke – til kven, av kven – engagement

5)

DUGNAD - FELLESSKAP

- samhold og felles innsats bygger og forener
- å ta eit tak for felles sak
- dugnader i ulik målestokk – før og no
- ungdomshus, grendehus, kyrkjer,
- idrettslag, ungdomslag, mållag o.a. sitt arbeid

6)

FRÅ GREND TIL BYGD I KOMMUNE, REGION OG LANDSDEL

- bergensbanen
- frå kjerreveg til glatt asfalt, samferdsle, skyss stasjonar før og no
- industrireisings tankar – Hans Nielsen Hauge
- elektrisiteten kjem – lys og varme – utbygging og arbeidsplassar
- politikk – makt – byråkrati – samarbeid – kampsaker
- sterke samfunnsbyggerar – Osvald Medhus
- om å strekke seg for å nå fellesskapet og når fellesskapet set grenser og rammer
- bonden og turistverten og turisten – fleire i same landskap
- friheten i fjellet og liene – for kven – turisten, sauene, gaupa, bonden,...
- auka kompleksitet – og verdiar blir tydeligare og viktigare

7)

TIDSBRUK

- døgnet sine 24 timar – styrt eller fritt
- 48 timar – korleis var døgnet oppdelt i 1814 – 1914 – 2014 sjekk statistisk sentralbyrå
- verdiar i endring, stress og tidsklemmer,
- fordeling mellom arbeid, fritid, underhaldning
- sosial tid, åleine, familien, vener, ”foring av feisbukken i 2014”

8)

RIKDOM – PENGEVERDI OG PENGEBRUK

- frå Eitt par delte sko for fleire born – til 30 par sko per person
- ”lykkelegaste mann hadde berre ei skjorte”
- ”den som er fornøgd er alltid rik” J.W. Goethe
- me vil gjerne bli Lottomillionærar i Olje – eventyret
- kva eigde me personleg i 1814 – og kva eig me i dag – av ting
- ombruk og omtanke – før og no – ”å ha det bra” – kva er det
- frå naturalhushald til pengehushald

9)

NYE DEMOKRATIER

- korleis lærer me bort demokratiske prosessar, verdiar og demokratisk sinnelag
- korleis blir demokrati ”tilpassa” og utvikla i aust europeiske land
- samarbeid – utveksling – tenkning – relasjonar på ulike nivå
- korleis inspirerer dei oss, og kva kan vi lære av dei
- treng vi fornying
- SYSTEM MODELLAR – frå det gamle bygdesamfunnet, frå andre land, kulturar – som var med å utvikle det norske demokratiet 1814 - 2014
- TEORI OG TANKE – REALITET
- kva var ”meir demokrati” etter 1945 og i dag etter 22.7. 2011 ?

SAK 29-12, VEDLEGG 2

Regionrådet for Hallingdal

V/Knut Arne Gurigard

3570 ÅL

SOGA OM HALLINGDAL.


Historielaga i Hallingdal ber med bakgrunn i eit initiativ frå Hol historielag om at Regionrådet tek opp til drøfting spørsmålet om å få til ei samla historie for Hallingdal. Vi veit at Kåre Olav Solhjell er ledig for eit slikt oppdrag frå nyttår, og det hadde vore svært passande å ha den fyrste fellessoga om Hallingdal klar til det store grunnlovsjubileet 2014, noko me meiner kan la seg gjera ved å koma i gang frå nyttår 2013.

Det fins bygdebøker og slektsoger for alle kommunane i Hallingdal og det fins også ein del generell historie i bygdebøkene og ein del fragmentert historie om ulike perioder av saga. Men me meiner tida er inne for å få til eit verk som tek for seg saga om dalen samla frå dei aller eldste tider og fram til i dag der alle sider ved historia blir med, politisk, kulturell, geologisk, arkeologisk m.m. Hallingdal står ofte fram som ein region som opptre samla og derfor får til mykje. Den er på mange måtar også naturleg lagt til rette frå naturen til å vera ein tett samanknytt region. Med ei samla soge om Hallingdal vil me også auke forståinga for Hallingdal for komande generasjonar og for utanforståande.


Me vonar Regionrådet tek tak i dette og ser fram til å vera medspelarar viss de finn det nødvendig.

Hallingdal juni 2012.


For Hol historielag


Knut Medhus

For Nes Historielag



Sigmund Øen

For Flå Historielag



Torgeir Medbøen

Leiar


For Gol historielag


Gudrun Bøthun

For Hemsedal historielag


Syver Hjelman

For Ål historielag


Thor Warberg